



Hordaland barne- og ungdomsråd  
Postboks 408 SENTRUM  
5805 BERGEN

Dato: 15.05.2014  
Vår ref.: 2014/12457-45  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Arbeid vedr. driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar 2014

Hordaland fylkeskommune fordeler driftstilskot til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar. Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) bidrar til opplysning av saka i førebuingsfasen, jfr. forvaltningslova §17. HBUR legg fram forslag til fordeling.

I sak 12/11 frå møtet 22.02.2011 i Kultur- og ressursutvalet (KURE) vart HBUR si rolle framstilt som følgjer:

1. *Søknadar til ordninga vert sendt til fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga innan 1.mars 2011.*
2. *Kopi av søknadane vert oversendt til HBUR som - innan eigen organisasjon og egne vedtekter - utgreier og handsamar sakane i samsvar med retningslinjene frå fylkeskommunen. Etter at styre har ferdighandsama sakane vert ei skriftleg innstilling med grunngeve forslag til fordeling oversendt fylkeskommunen ved Kultur- og idrettsavdelinga. Fylkesrådmannen legg fram saka for Kultur- og ressursutvalet som fattar endeleg vedtak i saka.*
3. *Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører utbetaling av tilskota.*
4. *Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører kontroll med ordninga i samarbeid med HBUR.*

Denne saksgangen vert gjeldande for 2014.

For 2014 er det 1 536 000 kroner til rådvelde. Det var 35 organisasjonar som søkte, der tre organisasjonar ikkje er innstilt på støtte. Retningslinjene er uendra frå tidlegare år.

Grunntilskot	20%	317 120	9910 pr. organisasjon
Medlemstilskot	30%	460 943	30 853 tal på medlemmer totalt
Fritt tilskot	50%	757 937	

HBUR leverte sitt forslag til fordeling 28.april 2014 til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, saman med eit samandrag av vurderingane og skildring av arbeidet med fordelinga. Samandraget av vurderingane viser til at det er gjort eit godt arbeid. HBUR la fram forslag om å avslå fire søkjarar, der grunngevinga for avslag til ein av søkjarane, Nordhordland Indremisjon, var at dei ikkje hadde levert søknadsskjema, men berre årsmelding og planer for 2014. Det er ikkje eit krav i dag at søknadsskjema må sendast inn. Krav til søknad er som følgjer:

*Ein organisasjon må for å vere kvalifisert for stønad, stette følgjande krav:*

- *Ha lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland fylke.*
- *Ha minst 50 medlemmer totalt i Hordaland fylke, med rett til stønad.*
- *Følgjande medlemsdefinisjon gjeld: Som medlem reknast dei som har betalt kontingent i løpet av føregåande kalenderår og var under fylte 26 år ved siste årsskifte.*

På bakgrunn av gjeldande krav til søknad endra difor Hordaland fylkeskommune på avslaget til Nordhordland Indremisjon som vidare førte til at dei vart innstilt til grunnstønad, medlemsstønad og fritt tilskot. Såleis vart medlemsstønaden til kvart medlem for kvar organisasjon redusert. I tillegg vert det gjort endringar i fritt tilskot til organisasjonane på bakgrunn for dette.

I brev frå HBUR står det mellom anna at det har vore fordelt midlar til organisasjonar som har møtt på HBUR sitt årsmøte. Dette har vore eitt av kriteria til fritt tilskot i tidlegare år. Vedtekne kriterier som skal vektleggjast i vurderinga for fri pott for 2014 er følgjande:

- *Tal på lokallag*
- *Aktivitet i organisasjonen*
- *Organisasjonens opne verksemd overfor ikkje-medlemer*
- *Samarbeid organisasjonane mellom*
- *Nytenking*
- *Kostnader med arrangement.*
- *Kostnad med å vera medlem*
- *Eigeninnsats frå styret i organisasjonen og medlemmene (inkl. foreldre/føresette)*
- *Tal på arrangement - for kven og kva.*
- *Organisasjonens økonomiske stilling.*
- *Dokumenterte utgifter til instruktørar etc.*

Det er ikkje høve til å vektleggje andre kriterier enn desse når midlane til fritt tilskot skal vurderast.

HBUR har informert at fem styremedlemer, tre varamedlemer, dagleg leiar av HBUR og organisasjonssekretær for HBUR brukte dagane 24.-26-april til å arbeidde med fordelinga. Til saman har dei nytta 240 timer til dette arbeidet. Hordaland fylkeskommune vil rette ei stor takk til HBUR for dette arbeidet.

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Marianne Ose Askvik  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*